



Møteinnkalling

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Lærdalsøyri skule

Møtedato: 07.05.2014

Tid: kl 0930

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

- 0930 Ordførar Jan Geir Solheim ønskjer velkomen
Oppmøte
Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av protokoll frå møtet 28.2.2014
Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1100 Entreprenørskapsmessa - opningsarrangement og besøk på stand
- 1200 Lunsj
- 1230 Framhald handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1315 Produkt- og marknadsanalyse for heilårsreiseliv – presentasjon av analysen
Studentane Marianne Løvlid, Marthe Grande og Sara Bühler, konsulent Synnøve
Aabrekk, Segel AS og reiselivsdirektør Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord AS
- 1420 Entreprenørskapsmessa - avslutningsarrangement
- 1450 Vel heim!

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
8/14	14/1050-8	Programplan for "System for styrka læring" (vert ettersendt)
9/14	13/438-30	Prosjekt for felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn
10/14	14/1537-1	Årsmelding og rekneskap 2013
11/14	13/2019-9	Revidert budsjett 2014 Sogn regionråd
12/14	14/746-3	Orienteringssaker

Sogndal, 25. april 2014

Harald Offerdal
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 13/438

Arkiv: B01

Saknr.: Utval
9/14 Sogn regionråd

Møtedato
07.05.2014

Sak 9/14

Prosjekt for felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn

Tilråding:

Sogn regionråd set i gang hovudprosjekt for organisering av pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn. Det vert sett av kr 430 000 av fondsmidlar kontingent til hovudprosjektet.

Saksutgreiing:

Sogn regionråd har gjennomført eit forprosjekt for å vurdere organiseringa av pedagogisk-psykologisk teneste (PPT). Opplæringslova § 5-6 stiller krav om at kvar kommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Kommunane i Sogn regionråd har fem ulike organisasjonsløyningar for pp-teneste. Dei ni kommunane i Sogn har fleire elevar som får spesialundervisning enn gjennomsnittet i landet og bruker meir ressursar på spesialundervisning enn fylket og snittet for landet elles.

Som forprosjektrapporten av 29. januar 2014 viser kan ny organisering av PPT vera nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg grep for å løysa utfordringa med aukande bruk av spesialundervisning. I tillegg må vi retta fokus mot eigarane av PPT, altså skule- og barnehageeigar, og eigarrolla og styringsstrategiane må endrast og utviklast.

Prosjektmålet er å utvikla ei felles pedagogisk - psykologisk teneste med robust fagmiljø som sikrar god utnytting av fagkompetansen i regionen og rekrutterer godt kvalifiserte medarbeidarar innan breidda av kompetanseområda. Tenesta må arbeida systemisk, systemretta og koordinert slik at vi kan styrka tilpassa opplæring, auke læringsutbytte og redusera bruken av spesialundervisning i regionen.

I møtet 28. februar 2014 tilrådde Sogn regionråd medlemskommunane å gjera prinsippvedtak om å delta i hovudprosjektet for PP-teneste i Sogn i samsvar med tilrådingane i forprosjektrapporten.

Dei fleste kommunane handsamar tilrådinga frå regionrådet om deltaking i hovudprosjektet i mars og april. Til no har kommunane Luster, Vik og Sogndal vedteke at dei deltek i hovudprosjektet. Kommunane Balestrand og Aurland handsamar saka i veke 17. Årdal kommune har vedteke å ikkje vera med i hovudprosjektet. Vi har fått melding om at kommunane Leikanger og Lærdal handsamar saka den 8. mai.

I hovudprosjektet vil Sogn regionråd arbeida vidare med planlegging, vurdering av organisering, bemanning/stillingsstruktur, kompetansebehov og førebuing som grunnlag til etablering av pp-teneste.

Rådmannsgruppa har vore styringsgruppe i forprosjektet. Framlegg til organisering og framdriftsplan i hovudprosjektfasen vart lagt fram for styringsgruppa i møte 4. april og drøfta. Konklusjonen i møtet er at sak om oppstart av og økonomiske rammer til hovudprosjektet blir handsama i regionrådsmøte 7. mai. Styringsgruppa avklarar prosjektorganisering og detaljert framdriftsplan etter regionrådsmøte. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil bli invitert til å vera med i styringsgruppa i hovudprosjektet.

I eit hovudprosjekt vil ein gå vidare med å konkretisera løysingar for aktuelle organisasjonsformer og tiltaka slik det framgår i rapporten. Med vedtak i dette regionrådsmøte om oppstart av hovudprosjektet vil prosjektarbeidet kunne starta før sommarferien. Kommunane tek endeleg avgjer om deltaking i ny pp-teneste når hovudprosjektet er gjennomført. Etablering av PP-teneste kan tidlegast skje 1.7.2015.

På bakgrunn av erfaringar frå forprosjektet vil det også i hovudprosjektet vera behov for å ha fokus på involvering, medskaping og eigeninnsats. Ramma for ekstern prosessleiing vil avhenge av kor mykje kommunane bidreg i arbeidet, og kva kapasitet dei har til å stille med innsats i prosjektperioden. I vurdering av ramma har vi teke omsyn til erfaringar vi har frå andre tilsvarende prosjekt. Aktuell ramme i hovudprosjektet til ekstern prosessleiing og ev. frikjøpsmidlar er om lag kr 430 000. Då er det lagt opp til møte i dei aktuelle kommunane, workshop, møte med prosjektgruppe og styringsgruppe, for- og etterarbeid og vurderingar frå juridisk kompetanse. Fondsmidlar kontingent kan finansiera hovudprosjektet.

Finansiering

Finansieringskjelder	Sum
Eigne midlar ¹	214 000
Fornyingsmidlar	200 000
OU-midlar, KS	16 000
Eigeninnsats, prosjektgruppe, møte i kommunane	90 000
Eigeninnsats arbeidsmøte /arbeidsverkstad (25 deltakarar)	54 000
Sum	574 000

Utgifter	Sum
Kjøp av tenester til prosessleiar (honorar og møte- og reiseutgifter) og ev. frikjøpsmidlar	414 000
Leiarsamling (honorar, reise- og opphaldsutgifter til prosessleiar)	16 000
Lønn, reise- og møteutgifter for prosjektgruppe, styringsgruppe, Sogn regionråd	90 000
Lønn, reise- og møteutgifter for deltakarar på leiarsamlinga /workshop	54 000
Sum	574 000

Det vil bli søkt om fornyingsmidlar i juni. I samband med avslaget på søknaden om midlar til forprosjektet, stod det i svaret at det kanskje seinare kan vurderast midlar til eit hovudprosjekt.

¹ Det vil bli søkt om fornyingsmidlar og OU-midlar. Kommunane/regionrådet får auka eigenfinansiering om vi ikkje får eksterne midlar.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 14/1537

Arkiv: 210 &14

Saksnr.: Utval
10/14 Sogn regionråd

Møtedato
07.05.2014

Sak 10/14

Årsmelding og rekneskap 2013

Tilråding:

Sogn regionråd godkjenner årsmelding og rekneskap for 2013 slik den ligg føre.

Vedlegg:

Årsmelding og rekneskap for 2013

Saksutgreiing:

Årsmeldinga og rekneskapen for 2013 er lagt ved.

Rekneskapen for Sogn regionråd er revidert som ein del av rekneskapen for Sogndal kommune.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 13/2019

Arkiv: 145

Saksnr.: Utval
11/14 Sogn regionråd

Møtedato
07.05.2014

Sak 11/14

Revidert budsjett 2014 Sogn regionråd

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek revidert budsjett for 2014 slik det ligg føre.

Vedlegg:

Framlegg til revidert budsjett for 2014

Saksutgreiing:

Sogn regionråd vedtok budsjett for 2014 i møte 6.12.2013. Det er gjort nokre endringar i budsjettet, jf vedlegg. Dei største endringane er:

- Vi fekk ikkje skjønsmidlar til adresseprosjektet i Sogn i 2014 og kr 100 000 må i staden dekkast av kommunane gjennom kontigentmidlar
- Det er sett av kr 430 000 til gjennomføring av hovudprosjektet pp-teneste
- Midlane frå fagnettverk skule finansierer delar av stillinga som utviklingsrettleiar kr 162 000 (ikkje heilårsverknad i 2014). Det som står att kr 218 000 går til fagnettverk skule.

Det er lagt inn auke i bruk av fondsmidlar i revidert budsjett med kr 570 000 og reduksjon av kontigenten med kr 62 000 i høve budsjettvedtaket i desember.

Totalt budsjett er endra frå kr 4 937 000 til kr 5 402 000. Av totalt budsjett utgjer eksterne inntekter kr 1 097 000, kontingent kr 3 275 000 og fondsmidlar kr 870 000. Samla budsjett for det regionale barnehage- og skulesamarbeidet utgjer kr 2 380 000. I tillegg til kontigenten kjem kostnader for kommunenett og GIS-løysing på kr 1 781 000 ekskl mva.

Vedlegget viser fordelinga av utgifter og inntekter og kommunane sin kontingent. Oversikt over kostnadsfordelinga for kommunenett og GIS-løysing framgår også av vedlegget.

Framlegg til revidert budsjett for 2013 følgjer vedlagt.

Framlegg til revidert budsjett for 2014

		Budsjett 2014	Revidert budsjett 2014
Generell - utan divspes			
10100	Løn faste stillingar inkl. sosiale utgifter	692 000	716 000
11002	Abonnement	2 000	2 000
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
11300	Telefonutgifter	2 000	5 000
11401	Andre annonser	4 000	4 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
11500	Kurs og konferanser	14 000	10 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	15 000	12 000
12002	Data- og kommunikasjonsutstyr	4 000	4 000
12900	Husleige, PC, arkiv mv (Internkjøp	244 000	244 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-989 000	-1 009 000
		0	0
7502 Drift råd			
11151	Servering	50 000	50 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	20 000	20 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	20 000	20 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-90 000	-90 000
		0	0
7503 Rådmann			
11151	Servering	20 000	20 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-20 000	-20 000
		0	0
7510 Kommunenett			
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	1 384 000	1 384 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-1 384 000	-1 384 000
		0	0
7511 IKT			
11151	Servering	3 000	3 000
11953	Kontigentar og medlemskap	8 000	8 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-11 000	-11 000
		0	0
7512 GIS-koordinator			
11300	Telefonutgifter	7 000	7 000
11151	Servering	5 000	5 000
11500	Kurs og konferanser	30 000	30 000
12900	Intern kjøp	5 000	5 000
14500	Overføring til Vik kommune	640 000	740 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-620 000	-720 000
17750	Refusjon frå IKS	-67 000	-67 000
		0	0
7513 GIS-løysing			
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	471 000	471 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-397 000	-397 000
17750	Refusjon frå IKS	-74 000	-74 000
		0	0

7514 GIS-prosjekt			
14500	Overføring til Vik kommune	100 000	0
18106	Andre statstilskot	-100 000	0
		0	0
7550 RUP			
12700	Konsulentonorar, ikkje oppg. pliktig	50 000	50 000
14900	Avsetjing til seinare fordeling - kun budsjett	140 000	155 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-60 000	
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-90 000	-90 000
19500	Bruk av bundne fond	-40 000	-115 000
		0	0
7551 Reiseliv			
12700	Konsulentonorar	120 000	120 000
14700	Overføring til andre (private)	240 000	240 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-180 000	-180 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-180 000	-180 000
7555 Rekruttering			
14700	Overføring til andre (private)	160 000	160 000
19500	Bruk av bundne fond	-90 000	-90 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-70 000	-70 000
		0	0
7556 Næringsutvikling			
12700	Konsulentonorar	260 000	260 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-40 000	
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-145 000	-145 000
19500	Bruk av bundne fond	-75 000	-115 000
		0	0
7557 Ungdom			
11500	Kurs og konferansar	20 000	20 000
15500	Avsetjing til bundne fond	100 000	100 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-50 000	-50 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-50 000	-50 000
19500	Bruk av bundne fond	-20 000	-20 000
		0	0
7558 Bhg-skulesamarbeid adm			
10100	Løn faste stillingar inkl. sosiale utgifter	789 000	789 000
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
11300	Telefonutgifter	3 000	3 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
11500	Kurs og konferansar	15 000	15 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	20 000	20 000
12700	Konsulentonorar		370 000
12900	Intern kjøp (husleige)	91 000	91 000
14500	Overføring til andre kommunar	0	60 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-825 000	-825 000
17700	Refusjon frå andre (private)	-105 000	-105 000
19500	Bruk av bundne fond	0	-430 000
		0	0

7559 Bhg-skule kompetanse			
14500	Overføring til kommunane	160 000	160 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-160 000	-160 000
		0	0
7560 Entreprenørskap			
11500	Kurs og konferansar	120 000	120 000
11703	Anna persontransport	75 000	75 000
12700	Konsulentonorar, ikkje oppg.pl.	0	0
17500	Refusjon frå kommunar	-15 000	
18500	Overføring frå kommunar	-15 000	-15 000
18106	Statstilskot	0	0
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-15 000	-15 000
18900	Overføring frå andre (private)	-75 000	-75 000
19500	Bruk av bundne fond	-75 000	-90 000
		0	0
7561 Skule Fagnettverk			
14500	Overføring til andre kommunar	380 000	218 000
14700	Overføring til andre (private)	40 000	40 000
17500	Refusjon frå kommunar	-380 000	-208 000
18106	Statstilskot	-40 000	-40 000
19500	Bruk av bundne fond		-10 000
		0	0
7568 Utviklingsretteiar			
11003	Faglitteratur og kartverk		2 000
11500	Kurs og konferansar		12 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)		38 000
14500	Overføring til Luster kommune		110 000
17500	Refusjon frå kommunar		-162 000
			0
7563 Barnehage			
11500	Kurs og konferansar	235 000	235 000
14700	Overføring til andre	10 000	10 000
18106	Statstilskot	-245 000	-245 000
		0	0

Samla kontingent for kommunane for 2014

Kommune	Januar -februar 2014		Mars-desember 2014		Totalt 2014		Kontingen t 2014	Kontingen t 2013
	Fast del	Variabel del	Fast del	Variabel del	Fast del samla	Variabel del samla	Total sum samla	
Aurland	34115	16505	151620	71915	185735	88420	274 155	309 788
Balestrand	34115	12568	151620	54764	185735	67333	253 068	287 523
Leikanger	34115	21826	151620	95104	185735	116930	302 665	341 738
Luster	34115	48975	151620	213397	185735	262372	448 107	506 273
Lærdal	34115	20922	151620	91162	185735	112084	297 819	337 072
Vik	34115	25868	151620	112716	185735	138584	324 319	369 849
Sogndal	34115	73361	151620	319655	185735	393016	578 751	650 137
Årdal	34115	52891	151620	230464	185735	283355	469 090	534 620
Høyanger	0	0	151620	175406	151620	175406	327 026	0
Totalt	272917	272917	1364584	1364584	1637500	1637500	3 275 000	3 337 000

Kostnadsfordeling - kommunenett for 2014

Kommune	Folketal 01.01.14	Fast del	Variabel del	Sum utan mva	25% mva	Totalt å betale
Aurland	1 715	86 500	41 848	128 348	32 087	160 436
Balestrand	1 306	86 500	31 868	118 368	29 592	147 960
Leikanger	2 268	86 500	55 342	141 842	35 461	177 303
Luster	5 089	86 500	124 179	210 679	52 670	263 349
Lærdal	2 174	86 500	53 049	139 549	34 887	174 436
Vik	2 688	86 500	65 591	152 091	38 023	190 114
Sogndal	7 623	86 500	186 012	272 512	68 128	340 640
Årdal	5 496	86 500	134 110	220 610	55 153	275 763
Totalt	28 359	692 000	692 000	1 384 000	346 000	1 730 000

Kostnadsfordeling - GIS-løysing for 2014

Kommune	Folketal 01.01.14	Fast del	Variabel del	Sum utan mva	25% mva	Totalt å betale
Aurland	1 715	24 813	12 004	36 817	9 204	46 021
Balestrand	1 306	24 813	9 141	33 954	8 488	42 442
Leikanger	2 268	24 813	15 875	40 687	10 172	50 859
Luster	5 089	24 813	35 621	60 433	15 108	75 541
Lærdal	2 174	24 813	15 217	40 030	10 007	50 037
Vik	2 688	24 813	18 815	43 627	10 907	54 534
Sogndal	7 623	24 813	53 358	78 170	19 543	97 713
Årdal	5 496	24 813	38 469	63 282	15 820	79 102
Totalt	28 359	198 500	198 500	397 000	99 250	496 250

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 14/746

Arkiv: 065

Saksnr.: Utval
12/14 Sogn regionråd

Møtedato
07.05.2014

Sak 12/14

Orienteringssaker 7.5.2014

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
 - Felles formannskapsdag – aktuelle tema
 - Møte med Hardangerrådet 24.6. og ordførarsamling
 - Arbeidsgrupper – arbeidsmåte i arbeidsgruppene
2. Helsegruppa og samferdslegruppa
3. Rådmannsgruppa
4. Administrasjonen
 - Næringsnettverket i Sogn
 - Aurlandskonferansen
5. Produkt- og marknadsanalyse for heilårsreiseliv – presentasjon av analysen
Studentane Marianne Løvlid, Marthe Grande og Sara Bühler, konsulent Synnøve Aabrekk, Segel AS og reiselivsdirektør Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord AS

Skriv og meldingar

1. Ferjesambandet Hella-Vangnes-Dragsvik, brev til Samferdselsdepartementet 4.3.2014
2. Foredrag om samarbeid og arbeidsmåte i Sogn på samlingar for Utdanningsdirektoratet
 - program



«Ungdomstrinn i utvikling» - 3. samling for skoleeiere og skoleledere, 10.-11.februar 2014

Quality Airport Hotel, Gardermoen

Møteleder: Erik Nordlund

Mandag 10. februar

10.00 – 11.00	Skolen som lærende organisasjon	Kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen
11.00 – 11.30	Suksessfaktorer i skolebasert kompetanseutvikling	Wenche Handegaard, Smiodden skole
11.30 – 12.30	Lunsj	
12.30 – 13.30	Lærende nettverk Motivasjon, ledelse og arbeidsmåter	Claus Røynesdal, Sogn regionråd
13.30 – 14.15	Dialogmøte / intro workshop	Svein Erik Fjeld og Mette Bråthen, Udir
14.15 – 14.35	Pause/omorganisering av sal	
14.35 – 15.50	Parallele sesjoner: 1. Hovedavtalen: arbeidstid og styringsrett 2. Praksisfortelling, samarbeid skoleeier - UH 3. Praktiske prosessverktøy	Johan Meyer, Hordaland fylkeskommune Harstad kommune, UIT Eivind Galtvik, Eigersund kommune
15.50 – 16.00	Pause	
16.00 – 18.00	Lokale utfordringer/erfaringsdeling Workshop, blandet	Svein Erik Fjeld, Udir
19.30	Middag	

Tirsdag 11. februar

08.30 – 09.30	Motivasjon Begeistring, glede, inspirasjon og glød	Dr. polit. Halldor Skard
09.30 – 10.45	Lokale utfordringer/erfaringsdeling Workshop, kommunegrupper	Svein Erik Fjeld, Udir
10.45 – 11.00	Pause	
11.00 – 12.00	Organisasjonsutvikling, organisasjonslæring og ledelse av skolebasert kompetanseutvikling	Eirik Irgens, NTNU
12.00 – 13.00	Lunsj	
13.00 – 14.15	Organisasjonsutvikling, organisasjonslæring og ledelse av skolebasert kompetanseutvikling, forts.	
14.15 – 14.20	Avslutning og hjemreise	Erik Nordlund, Udir